

# Vedtekter for Akademisk esperanto-forum

## skipa 25.1.2005

### §1. Namn

Namnet på forumet er Akademisk esperanto-forum (AEF).

### §2. Føremål

- a. AEF skal vera eit tverrfagleg fundert forum der akademikarar kan gjeva faglege tilskot til kvarandre og til norsk esperanto-rørsle.
- b. AEF er eit ikkje-kommersielt forum.

### §3. Organisatorisk tilknytnad

- a. AEF er ein samanslutnad av akademikarar ved universitets- og høgskulesektoren i Trondheim.
- b. AEF er fagseksjon i tråd med vedtektene til Norsk Esperanto-Forbund.

### §4. Medlemskap

- a. Medlemmer i AEF skal ha tilknytnad til universitets- og høgskulesektoren.
- b. Medlemsrettane er spesifiserte i dei aktuelle reglementa ved dei aktuelle akademiske institusjonane og Norsk Esperanto-Forbund.\*

\*§11.2 i vedtektene til Norsk Esperanto-Forbund seier: «Alle som tilhører faget, har rett til medlemskap og adgang til møtene i seksjonen.»

### §5. Medlemspengar

Det vert ikkje svara medlemspengar til AEF.

### §6. Styre

- a. Styret skal ha ein leiar og ein kasserar. Andre styremedlemmer kan òg veljast.
- b. Om det ikkje finst kasserarkandidat i AEF, kan kasseraren til Norsk Esperanto-Forbund brukast.

### §7. Generalforsamling

- a. Generalforsamling skal haldast éin gong i året, helst i januar eller februar, med innkalling seinast fire dagar i førevegen.
- b. Generalforsamlinga skal velja styre og godkjenna årsrapport og årsrekneskap. Vedtektsendringar må òg vedtakast av generalforsamlinga.
- c. Ekstraordinær generalforsamling kan haldast om minst 10 % av forumdeltakarane krev det, med innkalling seinast fire dagar i førevegen.
- d. Generalforsamlinga kan godkjenna ei innkalling med kortare frist enn fire dagar. Det krevst samrøystes vedtak for å godkjenna ei slik innkalling.
- e. Generalforsamlinga kan gjennomførast på elektroniske møtestader, t.d. telefonisk eller via Internett.

### §8. Eigneluter og økonomi

- a. For kjøp av utstyr eller tenester vert det skipa pengeinnsamling eller søkt andre kjelder om stønad.
- b. Med mindre det ved ein eignelut er hefta klausul om anna eige, er eigneluten å rekna som gåve direkte frå AEF-deltakarane til Norsk Esperanto-Forbund, men bruksretten ligg hjå AEF.

### §9. Oppløysing

Oppløysing av forumet skjer ved samrøystes vedtak i generalforsamlinga.